



Lindås kommune
Byggesak

Referanser:
Dykkar: 17/1811
Vår: 17/79 - 17/25019

Saksbehandlar:
Line Merete Valle
line.valle@lindas.kommune.no

Dato:
28.09.2017

Merknader og krav til mottatt nabovarsel - gbnr 195/6 Leiknes

Viser til dykkar brev datert 29.06.2017.

1. Viser til dialog med byggesak der ein vurderer at signatur frå 195/6 er tilstrekkeleg då begge bruksnummer har same eigar. Det går i avtalen fram kva for areal det er snakk om. Eining for eigedom vil gjere ei vurdering av om vi bør gjere endring i avtaletekst for å få tydeleg fram at avtalen også gjeld bnr 188. I dette tilfellet vil vi be om ny signatur frå heimelshavar.
2. Gjenpart av nabovarsel er levert inn 23.08.17 og lagt inn på begge sakene.
3. Skildring med omsyn til nabomerknader:

Det har kome inn ein merknad knytt til brønn som ligg på 195/6. Brønneigarane krev at Lindås kommune v/Eining for eigedom legg vassleiding fram til brønnen til 195/40 og at eksisterande vassleidningar vert knytta på her i samband med at arealet nordvest for brønnen vert tatt i bruk av skulen. Brønneigarane ynskjer også at kommunen fyller igjen eksisterande brønn. Eining for eigedom meiner at det arbeidet som skal gjerast i samband med utbygging på Leiknes skule ikkje kjem i konflikt med eksisterande brønn. Arealet som er søkt frådelt vert eit leikeareal for elevane, men det skal i dette prosjektet ikkje byggast eller gjerast grunnarbeid som vil påverke brønnen. Det er sett opp mellombels sikring ved brønnen. Denne vert justert omgåande etter krav frå byggesak, slik at sikringa er forsvarleg. Det vil bli sett opp permanent gjerde rundt brønnen innan 30.oktober 2017.

Eining for eigedom og VA-avdelinga vil leggje ned eit trekkerør frå eksisterande kum i sambindingsveg aust for fleirbrukshallen, gjennom planlagt ny p-plass sør for fleirbrukshallen. Det kan gjerast avtale med brønneigarane om å nytte dette trekkerøret for påkopling til kommunalt vatn. Brønneigarane kan for eigen kost kople seg på kum og leggje vassleiding over leikearealet etter avtale med eining for eigedom. Det er viktig at leikearealet ikkje vert utsett for graving medan vi byggjer tilbygg på Leiknes skule (haust '18 - haust '19). Vassleidningar over leikearealet må



planleggjast gjort når byggeprosjektet er ferdig og elevane kan nytte anna uteareal ved ei eventuell utbygging av kommunalt vatn og gjenfylling av eksisterande brønn.

4. Det er sendt eiga utgreiing om kva området som vert søkt frådelt skal nyttast til. Svaret vert gjengjeve her:

Arealet som er søkt frådelt på Leiknes har to reguleringsføre mål. Ein del er regulert til offentleg område og ein del (F3) er regulert til friområde.

Lindås kommune kjøper arealet for å få utvida Leiknes skule sitt område. Skulen skal byggast på i haust og vil då gå ut over regulert BYA. Ved å kjøpe tilleggsarealet kjem skulen si tomt til å vere stor nok for utvidinga utan å gå utover regulert BYA (24,6%).

Arealet som vert kjøpt skal nyttast til leikeareal. Del av arealet som er regulert til offentleg føremål kan på sikt verte opparbeida og tilrettelagt med leikeapparat, stiar mv. Det skal også etablerast ein parkeringsplass (11 plassar), sør for fleirbrukshallen i samband med utviding av skulen (der er for liten kapasitet i dag). Jfr referat frå førehandskonferanse 09.02.17. er dette avklart med teknisk drift med tanke på etablert snuhammar ved hallen.

Det er ikkje tenkt at ein skal nytta areala anleis enn det dei er regulert til. F3 vil i framtida vera del av leikearealet til skulen, men ikkje opparbeidast særskilt. Det vil forbli eit naturområde. Opparbeiding vil kun skje på det arealet som i dag er regulert til offentleg føremål.

Med helsing

Line Merete Valle
prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås kommune